
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: torsdag 29. november 2018 14:55
Til: 'Inge Østergaard'; inge.ostergaard@technipfmc.com
Emne: SV: Søknad om veg, gbnr. 1/399
Vedlegg: GBNR 4128 og 67 - Søknad om dispensasjon frå LNF-formål i KPA - Bruksendring av hytte til heilårsbustad - Etablering av tilkomstveg (DokID 168750).pdf; 5154n-nabovarsel.pdf; 5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel.pdf; 5156n-kvittering-for-nabovarsel.pdf

Hei

- 1- Riktig begrep er privat tilkomstveg.
- 2- Du finn gjeldande kommuneplan på kommunen si nettside, eller du kan søke på www.nordhordlandskart.no/pr
- 3- Vegrett over 1/12 er heilt nødvendig for dispensasjonssøknaden.
- 4- Utval for drift og utvikling
- 5- Sjå vedlegg.
- 6- Nabovarsel må sendast rekommandert eller det må signerast. Elektronisk bekreftelse er også ok.
- 7- Viss nabo krysser av på «samtykker til tiltaket» treng du ikkje vente 2 veker. Då må nabovarselet vere fysisk signert, ikkje elektronisk.
- 8- Du må sjølv vite om du har nødvendig kompetanse som ansvarleg søkjar, jf. byggesaksforskriften.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Inge Østergaard [<mailto:inge@ingeoest.com>]
Sendt: mandag 26. november 2018 23:27
Til: Marianne Aadland Sandvik; inge.ostergaard@technipfmc.com
Emne: Re: Søknad om veg, gbnr. 1/399

Hallo

Takk for informasjon – dette var nyttig.

Bare noen kommentarer / spørsmål, for oppklaring, slik at dispensasjonssøknaden blir så god som mulig:

1 – Begrepet “Utkjørsel” vil i søknaden om dispensasjon” erstattes av begrepet “Stikkvei”.

- 2 – Er siste Reguleringsplan den jeg finner via portalen, og som er gjort gjeldene pr. dato i 1997 (ditt utklipp under) ?
- 3 – Er det relevant for dispensasjonssøknaden at det til GBNR 1/399 medfølger veirett over GBNR 1/12 (til offentlig vei) ?
- 4 - Hva heter saksutvalget i Meland Kommune som skal behandle dispensasjonssøknaden ?
- 5 – Finnes det møtereferat fra saksutvalget, etter behandling av en lignende dispensasjonssøknad – stikkvei ?
- 6 – Stilles det krav til at nabovarsel skal sendes ut i et std. format, m/signert mottak ?
- 7 – Må jeg vente på tilsvar (ref. 2 uker`s frist) på nabovarsel, før innsending av min dispensasjonssøknad ?
- 8 – Ansvarlig foretak, for utarbeidelse av tiltakssøknad vil være “Enkeltmannsforetaket Siv. Ing. Inge Østergaard” (Org. No.).

På forhånd takk !

MvH
Inge Østergaard

From: Marianne Aadland Sandvik
Sent: Monday, November 26, 2018 3:28 PM
To: inge@ingeoest.com
Subject: Søknad om veg, gbnr. 1/399

Hei

Viser til telefonsamtale i dag, og sender deg nødvendige opplysningar i høve søknad om opparbeiding av veg til gbnr. 1/399 på Flatøy.



Området du viser at du vil opparbeide veg er satt av til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF-formål) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Vidare set KPA krav om at arealet skal inngå i ein reguleringsplan før ein kan gjere tiltak på eigedomen (gjeld for heile Flatøy aust).

Det ovannemnde inneber at viss det skal vere mogleg å opparbeide veg fram til gbnr. 1/399, må det søkjast om dispensasjon frå LNF-formålet og plankravet. Ein søknad om dispensasjon har ikkje

formkrav, og du kan søkje sjølv. Du må grunngje søknaden ut ifrå følgjande vilkår, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 19-2:

LNF-formålet og områdeplankravet må ikkje bli «vesentlig» sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere «klart» større enn ulempene. Private fordelar har liten relevans.

Søknaden må nabovarslast.

Når vi får inn søknad om dispensasjon må vi sende den på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen. Dette følger direkte av pbl § 19-1. Statleg mynde har 4 vekers frist på å kome med uttale i saka.

Når uttalefristen på 4 veker er gått ut kan administrasjonen handsame søknaden og skrive saksframlegg til politisk behandling. Søknaden vil dermed bli behandla politisk.

Viss det blir gitt dispensasjon, sender vi vedtaket til klagevurdering til sektormynde (Fylkesmannen osv). Dei har 3 vekers klagefrist. Viss det ikkje kjem klage innan fristen, er dispensasjonen endeleg. Då kan det søkjast om løyve til sjølv opparbeidinga av vegen. Eit føretak må stå ansvarleg for søknaden og sørge for at prosjektering og utføring er belagt med ansvar av ansvarlege føretak.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

